

**MØTEPROTOKOLL**

Utval: Kommunestyret
Møtestad: *Melshorn hotell*
Dato: *11.04.2019*
Møte tok til *18:00*
Møte slutta *1920*

Kommunestyret var kalla inn i samsvar med kommunelova § 32, pkt.2 og reglementet til Hareid kommune.

Innkallinga og saklista har vore kunngjort med oppslag i rådhuset og med kunngjering i Vikebladet/Vestposten (gjeld kun KST).

Medlemene har vorte varsla skriftleg via e-post. Saksdokumenta har vore utlagde til ålment ettersyn på heimesida til Hareid kommune frå 4. april.

Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerar
Stian Runne Brandal	Medlem	AP
Ragnhild Nedrelid	Medlem	AP
Hege Holstad	Medlem	AP
Kristian Fuglseth	Nestleiar/varaordførar	FOHAR
Kjetil Nasset	Medlem	FOHAR
Bernt Brandal	Medlem	FOHAR
Marianne Overå	Medlem	FOHAR
Oskar Jarle Grimstad	Medlem	FRP
Anders Riise	Leiar/ordførar	H
Ottar Røyset	Medlem	H
Wenche J. Holstad Jøsok	Medlem	H
Berte Holstad Engen	Medlem	H
Ole Frank Bakken	Medlem	H
Marit Øien Sæverud	Medlem	KRF
Leidulv Hareide	Medlem	KRF
Annika Brandal	Medlem	V
Jenny Helen Korsnes	Medlem	V

Faste medlemar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerar
Ranja Dimmen Alme	MEDL	FOHAR
Truls Håbakk	MEDL	FRP
Jeanette Teigene	MEDL	FRP
Ingebjørn Grimstad	MEDL	FRP

Varamedlemar som møtte:

Namn	Møtte for	Representerar
Arild Overå	Ranja Dimmen Alme	FOHAR
Kjartan Grimstad	Truls Håbakk	FRP
Jens Peder Brandal	Jeanette Teigene	FRP

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Erlend Friestad	Formannskapssekretær
Kariann Bigseth	Fungerande rådmann
Monica Svoren	Fungerande kommunalsjef for velferd
Eivind Longva	Kommunalsjef for læring og kultur
Kai-Rune Bjørke	Kommunalsjef for samfunnsutvikling
Christina Steffensen	Einingsleiar kommunalteknikk

Kommunestyret handsama sakene i denne rekkefølga:

PS 22/19

PS 23/19

PS 24/19

Orientering om lokaldemokratisundersøking ved fungerande rådmann.

PS 25/19

PS 26/19

PS 27/19

SAKLISTE MED SAKSDOKUMENT

Saksnr	Tittel	Arkivsaksnr
	Politiske saker	
PS 22/19	Godkjenning av innkalling og saksliste	
PS 23/19	Godkjenning av protokoll førre møte	
PS 24/19	Referatsak	
	Politiske saker	
PS 25/19	Finansiering og forvaltning av Kommunalt Næringsfond 2019	2019/415
PS 26/19	Finansiering av sikringsarbeid ved rehabilitering av kai i Brandal	2014/1423
PS 27/19	Utviding av ramme for fotballhall	2019/553

Hareid, 4. april 2019

Anders Riise
ordfører

Erlend Friestad
utvalsekretær



POLITISKE SAKER

PS 22/19 Godkjenning av innkalling og saksliste

Kommunestyret si handsaming:

Fremskrittspartiet si gruppe var ikkje fulltallig ved møtestart.

20 voterande.

Sak om [Finansiering og forvaltning av Kommunalt Næringsfond 2019](#) blei utsett av formannskapet 8. april 2019. Den blir derfor ikkje handsama av kommunestyret.

Assisterande rådmann orienterte om lokaldemokratiundersøkinga som blei tatt opp under førre kommunestyremøte.

Røysting:

Samrøystes godkjent.

Vedtak: —

Godkjent.

PS 23/19 Godkjenning av protokoll førre møte

Kommunestyret si handsaming:

Protokoll frå [førre møte, 14. mars](#), blir godkjent.

Røysting:

Samrøystes godkjent.

Vedtak:

Protokoll godkjent.

PS 24/19 Referatsak

Kommunestyret si handsaming:

Ingen referatsaker, men assisterande rådmann Kariann Bigseth orienterte om lokaldemokratiundersøkinga som politikarane svarte på under førre kommunestyremøte.

Røysting:

Vedtak:



POLITISKE SAKER

PS 26/19 Finansiering av sikringsarbeid ved rehabilitering av kai i Brandal

Kommunestyret si handsaming:

Tilråding frå formannskapet:

Kommunestyret gir ei tilleggsføring på kr 800 000 inkl. MVA, til prosjektet 65222 Hamn – Brandal. Tiltaket skal finansierast med kr 640 000 i nytt låneopptak og kr 160 000 i MVA-kompensasjon.

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

Kommunestyret gir ei tilleggsføring på kr 800 000 inkl. MVA, til prosjektet 65222 Hamn – Brandal. Tiltaket skal finansierast med kr 640 000 i nytt låneopptak og kr 160 000 i MVA-kompensasjon.

PS 27/19 Utviding av ramme for fotballhall

Kommunestyret si handsaming:

Tilråding frå formannskapet:

Hareid kommunestyre vel å gå vidare med bygging av fotballhall og tildele kontrakt på bygging av fotballhall med ein total kostnadsramme på inntil kr 29.500.000,- Meirkostnaden vert å dekke inn med auka leigeinntekter på sal av reklameplass og auka låneopptak.

Anders Riise, Høgre, fremma tilleggsforslag nytt punkt:

Kommunestyret føresett at Hareid IL leiger reklameplass for kr 825.000,- pr år i 10 år.

Oskar Grimstad, Fremskrittspartiet, fremma forslag om eit tilleggspunkt:

Hareid kommunestyre viser til brev fra Hareid Idrettslag og forutsett at idrettslaget blir teke med på råd og får innsyn slik dei krev i brev av 31.03.2019

Røysting:

Det blei røysta over kvart punkt:

Tilrådinga frå formannskapet: vedteke mot ei røyst

Tilleggspunkt frå ordførar: samrøystes vedteke

Tilleggspunkt frå Grimstad: samrøystes vedteke

Vedtak:

Hareid kommunestyre vel å gå vidare med bygging av fotballhall og tildele kontrakt på bygging av fotballhall med ein total kostnadsramme på inntil kr 29.500.000,- Meirkostnaden vert å dekke inn med auka leigeinntekter på sal av reklameplass og auka låneopptak.

Kommunestyret føresett at Hareid IL leiger reklameplass for kr 825.000,- pr år i 10 år.



Hareid kommunestyre viser til brev fra Hareid Idrettslag og forutsett at idrettslaget blir teke med på råd og får innsyn slik dei krev i brev av 31.03.2019

—